



Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/412 - 18/11284

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
06.04.2018

Oversender søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense til uttale - gbnr 196/155 Midtgård

Tiltak: Dispensasjon frå utnyttingsgrad og regulert byggegrense mot E39
Byggjestad: Gbnr: 196/155
Tiltakshavar: Tom Solemdal

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense mot E39 Osterfjordvegen for oppføring av garasje med hobbyrom med BYA 70m² og BRA 60m² på bustadeigedom gbnr 196/155 Midtgård. Det er også søkt om dispensasjon frå grad av utnytting med utnyttingsgrad på 26% BYA. Vi har forutsatt at garasje og hobbyrom til bruk for restaurering av biler er til eigen bruk og ikkje næring. Det er heimelshavar, Tom Solemdal, som fremjar dispensasjonen.


Eigedomen er bygd med ein einebustad på ca. 207m² BYA innanfor regulert byggegrense mot E39 Osterfjordvegen.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Leiknes Midtgård gnr.196 bnr. 4 /1263-15122005 er definert som bustadføremål, felt FS7. Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 25 %-BYA. Det er byggegrense mot E39 Osterfjordvegen for eigedomen. Med garasjen og hobbyrom vert utnyttingsgraden 26% BYA.



Utsnitt av kommuneplanen




Utsnitt grunnkart



Veglova

I følge reguleringsplanen: «Nye bygg skal plasserast innanfor byggjegrensa langs veg som er vist på planen», jf. reguleringsplanen pkt. 3.2.


Byggjegrense i plankartet er vist med stipla linje:



Innsendt situasjonskart, datert 15.11.2017



Kartutsnitt Gemini, 04.04.2018. Byggjegrense vist med pil



I våre kartbaser ser vi at naboeigedomen, gbnr 196/154, sin einebustad er plassert i byggegrensa mot E39 Osterfjordvegen. Garasjen med hobbyrom er på situasjonsplanen plassert nærare E39 enn nabobustad og difor utanfor regulert byggegrense. Slik vi lesar innsendt situasjonskart frå tiltakshavar, så er ca. halve garasjen er plassert utanfor regulert byggegrense. Oppføring av garasje med hobbyrom med BYA 70m² og BRA 60m² på bustadeigedom gbnr 196/155 Midtgård, krev difor dispensasjon frå regulert byggegrense mot E39 Osterfjordvegen.

Tilkomst

Tiltaket gjev inga endring ift. tilkomst.

Vatn og avlaup

Tiltaket gjev inga endring i høve vatn- og avlaup.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Mottatt tilleggsdokumentasjon - gbnr 196/155 Midtgård
Scan0152
Søknad om dispensasjon - gbnr 196/155 Midtgård
Nabovarsel - gbnr 196/155 Midtgård
Situasjonsplan
Tegningar
Info om tiltaket
Kommuneplankart oversikt - gbnr 196_155
Kommuneplankart - gbnr 196_155
Ortofoto - gbnr 196_155
Grunnkart matrikkel - gbnr 196_155 Midtgård

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Tom Solemdal	Naustdalslia 14	5915	HJELMÅS
Tom Solemdal	Naustdalslia 14	5915	HJELMÅS

Mottakarar:

Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
------------------------------	-------------	------	-----------